

**Stensby, Trond**

---

**Frå:** Dalen, Bjørn**Send:** 22. juli 2010 10:41**Til:** Fylkesmannen i Møte og Romsdal; Direktoratet for naturforvaltning; Fylkesmannen i Oppland ; Granum Knut; Per Olav Haugen; Thomas Rødstøl; Stensby, Trond; Aaboen Stig**Emne:** Reinheimen nasjonalpark - søknad om løyve til å bruke båtmotor på Leirungsvatnet og Torsvatnet - Ivar Kummen

Skjåk kommune har gjort vedtak i sak som gjeld Reinheimen nasjonalpark Vi viser til vedlagde sak

Mvh

Bjørn Dalen tlf. 61217025

---

Ivar Kummen

2690 SKJÅK

**Delegert vedtak  
69/10**

**Vår ref**  
2009/1071/76/N08

**Dykkar ref:**

**Saksbehandlar**  
Bjørn Dalen  
bjorn.dalen@skjaak.kommune.no

**Dato**  
22.07.2010

**Saka gjeld: Reinheimen nasjonalpark - søknad om bruk av båtmotor på Torsvatnet og Leirungsvatnet - Ivar Kummen****Saksutgreiing**

Det blir søkt om følgjande:

*Søknad om å få bruke båtmotor på Leirungsvatnet og Torsvatnet. Søker med dette om å få bruke båtmotor på Leirungsvatnet og Torsvatnet under fiske. Søker om at løyvet bør gjeld for 5 år.*

20.07.2010.

*Helsing  
Ivar Kummen*

**Vurdering**

Det blir søkt om løyve til å bruke motorbåt til å utøve fiske på 2 vatn i Reinheimen nasjonalpark, Torsvatnet og Leirungsvatnet.

Torsvatnet ligg i eit høg fjellsområde c.a. 1300 m.o.h. Innsjøen er 7,5 km lang og for å kunne nytte heile vatnet til fiske på ei natt er det nødvendig med bruk av motor. Det er lite andefuglar ved vatnet. Turistofreiningstigen mellom Pyttbya og Torsbu går langs vatnet.

Leirungsvatnet ligg i det viktigaste våtmarksområde i Reinheimen nasjonalpark. Det har stor regional verdi og er nasjonalt interessant. Det er bl.a. registrert 7 artar av andefuglar på og ved

23.07.2010

Leirungsvatnet/Rååkåvatnet i tillegg til andre artar. Å ta vare på desse artane er av overordna verdi for vernemyndet. Når det er opna for bruk av båt med motor på Leirungsvatnet er det under føresetnad av at ein viser spesielt stor aktsemnd overfor desse artane.

Når det gjeld forholdet til motorferdsellova er det heimel for bruk av motor på Leirungsvatnet og Torsvatnet i lokal forskrift, med inntil ein storleik på 9,9 hestar.

Sidan Torsvatnet og Leirungsvatnet ligg i Reinheimen nasjonalpark må det i følge verneforskrifta for parken liggje føre ei vurdering med vedtak frå forvaltningsmyndet før båt med motor kan brukast. I verneforskrift for Reinheimen nasjonalpark heiter det mellom anna:

#### *6. Motorferdsel*

##### *6.1. Forbod mot motorferdsel*

*Motorferdsel på land og på vatn, og bruk av luftfartøy lågare enn 300 meter over bakken, er forbode.*

##### *6.2. Reglane i pkt. 6.1. er ikkje til hinder for:*

##### *6.3. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:*

- f) Bruk av båt med motor på Ulvådalsvatnet og Leirungsvatnet i samband med fiske, materialtransport og organisert tilsyn av beitedyr.*
- g) Bruk av båt med motor på Torsvatnet i samband med fiske og transport i samband med jakt.*

Ut ifrå dei gjeldande reglar har forvaltningsmynde høve til å gje løyve til bruk av båt med motor i desse tilfella, jfr. forskrifta.

Torsvatnet er eit mykje brukt fiskevatn, og det blir kvart år teke bra fangster i vatnet.

Leirungsvatnet er eit av dei beste fiskevatna i Skjåk kommune. Vatnet er over 2 kvkm. og den lokale forskrifta for bruk av motorfartøy i Skjåk kommune heimlar bruk av motorbåt på vatnet.

Ut ifrå ei vurdering av påverknad på verneverdiane opp imot behovet for å nytte motor på båt i samband med fiske, meiner forvaltningsmyndet at storleiken på vatnet og vindtilhøve er gode grunnar for å gje eit slikt løyve. Ein ser ikkje at dette vil gå utover verneverdiane dersom ein viser aktsemnd. Heller ikkje føre til forstyrning for turgåande da trafikken er svært liten.

#### **Miljø- og næringsutvalget sitt vedtak:**

Miljø- og næringsutvalget vedtek å gje Ivar Kummen, 2690 Skjåk, løyve til å nytte båt med motor på Torsvatnet og Leirungsvatnet i Reinheimen nasjonalpark. Løyvet gjeld i samband med fiske .

Løyvet blir gjeve med heimel i verneforskrift for Reinheimen nasjonalpark dagsett 24.november 2006, § 3, punkt 6.3, bokstav f) og g).

#### **Vilkår:**

1. Dispesasjonen gjeld for utøving av fiske etter dei reglar som gjeld for fiske i Torsvatnet og Leirungsvatnet.
2. Løyvet gjeld for 5 år frå og med fiskesesongen 2010 i båe innsjøane.

Med helsing  
Bjørn Dalen

#### **Kopi til:**

Ottadalen villreinutval v/Knut Granum 2690 SKJÅK  
Møre og Romsdal fylke 6404 MOLDE  
Statens naturoppsyn 2686 LOM  
Fylkesmannen i Oppland Serviceboks 2626 LILLEHAMMER  
Direktoratet for naturforvaltning 7485 TRONDHEIM  
Kontaktutvalet for Reinheimen 2665 LESJA